



Ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

16/3693-39-ØH-
FE - 002

Dato:

29.12.2016

Ny kommune i indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 21.12.16

Tidspunkt : Onsdag 21.12.16 kl 10.30 – 13.00

Stad : Førde rådhus, møterom Anga

Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Thor Ove Farsund, Torill Anita Segtnan, Marit Solheim, Elin Enebakk, Stian Jakobsen, Øyvind Bang-Olsen (via telefon) og Øystein Høyvik

Fråfall:

Trond Ueland

Utsendt dagsorden:

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 02.12.16
2. Gjennomgang av referat frå møte i styringsgruppa 02.12.16 – noko som må følgjast opp?
3. Utsjekk framdriftsplanen v/ Øystein Høyvik
4. Utsjekk kommunikasjonsplanen v/ Øystein Høyvik
5. Som førebuing til drøfting i høve møte 05.01.17 og 14.-15.02.17 vil vi høyre gjennom Færder kommune sitt innlegg frå samling 1
6. Planlegge møte 05.01.17 v/ Øystein Høyvik
7. Planlegge felles formannskapsmøte 14.-15.02.17 v/ Øystein Høyvik
8. Fellesnemnd og partsamansett utval mv v/ Ole John Østenstad
9. Vurdere to felles utviklingsprosjekt v/ Øystein Høyvik
 - a. Felles opplæring knytt til prosjektarbeid
 - b. Språkprosjekt
10. Prosjektrekneskap – årsavslutting v/ Øystein Høyvik
11. Møteplan – behov for endringar
12. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 02.12.16

- Godkjent

Gjennomgang av referat frå møte i styringsgruppa 02.12.16

- Gjennomgått

Utsjekk av framdriftsplanen

- Arbeider i tråd med framdriftsplanen som er omtalt i prosjektdirektivet

Utsjekk av kommunikasjonsplanen

- Arbeidet er i rute med unntak av oppdatering av heimesida «prosjektsunnfjord.no»

- Ang informasjonsmedarbeidar: Tre aktuelle interne kandidatar som rådmennene sjekkar vidare

Færder kommune sitt innlegg frå samling 1 i regi av KMD og KS mfl.

- Utsett til møte 05.01.17

Planlegge møte 05.01.17

- Følgjande dagsorden er sendt til møtedeltakarane

Tidspunkt	Tema
09.00 – 09.15	Velkommen v/ Øystein Høyvik, prosjektleiar Presentasjonsrunde
09.15 – 09.35	Kva har skjedd så langt– og kva skjer i det vidare v/ Øystein Høyvik
09.35 – 10.05	Informasjon om arbeidet i Færder kommune (video)
10.05 – 10.15	Pause
10.15 – 10.50	Førde kommune – moglegheiter og utfordringar v/ Ole John Østenstad, rådmann Naustdal kommune – moglegheiter og utfordringar v/ Øyvind Bang-Olsen, rådmann Gaular kommune – moglegheiter og utfordringar v/ Atle Fasteland, rådmann Jølster kommune – moglegheiter og utfordringar v/ Thor Ove Farsund, konstituert rådmann Moglegheiter og utfordringar i arbeidet med å etablere ny kommune v/ hovudtillitsvalte i prosjektgruppa
10.50 – 11.10	Gruppearbeid: <ul style="list-style-type: none"> • Korleis samhandlar og samarbeider vi i dag? • Korleis kan/bør vi samhandle i det vidare? Gruppeinndeling basert på fag-/sektorområde.
11.10 – 11.20	Pause
11.20 – 12.00	Tilbakemelding og drøfting i plenum
12.00 – 12.45	Lunsj
12.45 – 13.00	Innleiing knytt til det å drifte fire «gamle» og ein ny kommune v/ rådmann
13.00 – 13.50	Gruppearbeid og plenum knytt til innleiing
13.50 – 14.00	Pause
14.00 – 14.50	Harmonisering <ul style="list-style-type: none"> • Innleiing v/ Øystein Høyvik • Gruppearbeid • Plenum
14.50 – 15.00	Avklare vegen vidare Avslutning v/ Øystein Høyvik

Planlegge felles formannskapsmøte 14.-15.02.17

- Det er gjort avtale med Kviknes Hotel i Balestrand
- Startar med lunsj 14.02.17 og blir avslutta med lunsj 15.02.17
- Den enkelte kommune samordnar transport
- Hovudtema for samlinga vil vere etablering av fellesnemnd mv

Fellesnemnd og partsamansett utval

- Med utgangspunkt i innleiing av Ole John Østenstad gjennomførte prosjektgruppa ei første drøfting i høve organisering, mandat mv
- Prosjektgruppa utarbeidar «kladd» som på eit seinare tidspunkt kan bli eit notat frå prosjekt- til styringsgruppa

Vurdere to felles utviklingsprosjekt

- Aktuelle prosjekt drøfta
- Vidare drøfting vil skje i neste møte

Prosjektrekneskap

- Faktura for 1. halvår 2016 er sendt dei 10 kommunane som deltok
- Årsavslutting 2016: Unytta tilskotsmidlar for 2. halvår 2016 blir sett på fond
- I høve 2017
 - I tråd med avgjerd i styringsgruppa 02.12.16 får kvar kommune overført kr 200 000 (20%-stilling i tråd med vedteke prosjektdirektiv). Innanfor denne summen må kvar kommune ta eigne direkte kostnader knytt til deltaking på kurs, seminar, møte, intern prosjektkoordinering mv. Kvar enkelt kommune opprettar prosjektnummer i rekneskapssystemet, og kor inntekter og utgifter skal førast.
 - Når det gjeld frikjøp av tillitsvalte tek prosjektleiar kontakt med aktuelle personalsjefar

Møteplan

- Styringsgruppa sitt møte 13.01.17 blir flytta til 06.01.17

Eventuelt

- Seminar 2 i regi av KMD og KS
 - Med unntak av Marit Solheim stiller alle medlemmane i prosjekt- og styringsgruppa
 - I tråd med avgjerd gjort av styringsgruppa 02.12.16 vurderer ein det framleis som rett å ikkje opne for breiare deltaking. Men ein oppmodar den enkelte rådmann/kommune å syne aktuelle seminarinnlegg i møte med til dømes tillitsvalt- og verneapparatet

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen
Styringsgruppa